



Veke 45, 9. november 2022

President Anne Wiik Stamsø opna møtet nokre engelskspråklege visdomsord av ukjent opphav – sjå ramma til høgre. Vi var 17 medlemmer til stades, pluss foredragshaldaren.

Det var fire **Tigris-innlegg**. **Rolf Heimdal** kunne, til stor fagnad frå forsamlinga, fortelje oss at han hadde fått Kongens fortенestemedalje – rettnok eit arvestykke frå farfaren! **Edrund Olaisen** fortalde først om då nyleg avdøydde biskop Rosemarie Köhn (20.10.1939–30.10.2022) gjesta klubben vår, og takka så for bidrag til Litauen frå klubbmedlemene. Leiaren i Ungdomskomiteen, **Berit Midtgaard**, informerte om arbeidet med å finne ein utvekslingslev. Dei har intervjuet ein lovande kandidat.

A meaningful life is not being rich, being popular, or being perfect. It's about being real, being humble, being able to share ourselves and touch the lives of others.

Foredragshaldaren denne kvelden var **Kåre Kähler Høvik** frå Porsgrunn, som sidan 2008 har vore programvareingeniør hos Microsoft. Han er sivilingeniør frå NTNU og Karlsruhe Institut für Technologie. Vi fekk ei interessant utgreiing om IT-selskapet Microsoft. Nedst på sida viser Høvik oss eit bilete av hovudkontoret til Microsoft i Redmond WA, i nærleiken av Seattle. Han delte foredraget sitt i fem delar, *Historie*, *Microsoft i dag*, *Microsoft i Noreg*, *Samfunnsansvar* og *Skya*.

Microsoft blei grunnlagd i 1975, og mykje har skjedd – til dømes kom MS-DOS i 1980, Microsoft Windows i 1985, Microsoft Office i 1990, Xbox i 2001 og Office 365 i 2013. I 2005 hadde selskapet 61 000 tilsette og eit overskot på 12 254 millionar US\$. I 2021 hadde dette vakse til 181 000 tilsette og eit overskot på 61 271 millionar US\$. Microsoft har mykje verksemd i Noreg, med avdelingar i Oslo, Tromsø og Trondheim. Noko av samfunnsansvaret til Microsoft kjem fram gjennom at dei har stoppa sal og leveransar til Russland og støttar det ukrainske kyberforsvaret, at dei planlegg

å vere karbonnegative i 2030 og at dei gir store summer til gode formål – i 2021 US\$ 235 millionar.



Høvik avslutta med nokre ord om **Skya** og kva som skjer når noko blir lagra der. Microsoft har globalt distribuerte datasenter som lagrar enorme mengder data.

Rolf Theil, 12.11.22.